

Årsrapport 2012

Norsk utanrikspolitisk institutt



Norsk utanrikspolitisk institutt
 Norwegian Institute of International Affairs

Denne trykte utgaven er et utdrag av de mest sentrale delene av NUPIs årsrapport 2011. For å lese den fullstendige rapporten, vennligst gå inn på <http://rapport.nupi.no/2011/>

Direktørens utsyn

Det globale systemet er i endring. Nye statar og regionar får meir å seie, mens vår del av verda gjennomgår store omstillingar og kriser. I Asia og Afrika er det framleis sterk vekst, mens Europa er plaga av gjeld og skyhøge arbeidsløysetal. Det er ikkje unaturleg om endra økonomiske styrkeforhold også endrar fordelinga av politisk makt.

Vi ser òg teikn til at det internasjonale systemet og dei organisasjonane som representerer og held dette systemet ved like, er i endring. Ei slik ny verd og organiseringa av denne skaper store muligheiter, men også spenningar, risiko og vegring mot å ta avgjerder. Også det siste året har krigen i Syria halde fram utan at verdssamfunnet har villa involvere seg. Titusentals menneske er drepne, mens hundretusenvis er på flukt. Røynslene frå Irak, Afghanistan og Libya vitnar alle om at det er svært vanskeleg å skape regimeendringar utanfrå. Samstundes er det tragisk at stormaktene ikkje finn ein måte å stanse dei humanitære lidningane på.

Også Noreg er i endring. I internasjonal politikk er det vanleg å tenke på Noreg som eit lite land, men på same tid er vi i ferd med å skifte ham. Dei siste ti åra har utviklinga i Noreg verkeleg skote fart. Nordmenn er no mest dobbelt så rike som ein gjennomsnittleg EU-borgar. Ei gjennomsnittslønn i Sverige vil i dag nesten vere under fattigdomsgrensa i Noreg.

I takt med rikdommen har talet på og omfanget av norske internasjonale engasjement auka. Statens pensjonsfond utland (Oljefondet) var i 2002 på «berre» 500 milliardar. Ti år seinare er det på meir enn 4000 milliardar. Norsk bistand har òg auka. Norske selskap aukar engasjementa ute, og størst er selskapa med store offentlege eigarinteresser som Statoil, Telenor, Yara, Statkraft og andre. Norske hushald er òg med på dette, dei reiser meir og eig mykje eigedom i utlandet.

Rikdommen påverkar norsk utanrikspolitikk. Først og fremst opnar rikdommen for nye muligheiter. Noreg får tilgang til nye kanalar og forum, og Noreg har fleire ressursar som kan settast inn. Samstundes gir rikdommen handlefridom og høve til å kunne trekke seg tilbake, skjerme seg og ikkje hjelpe til. Risikoen aukar òg, slik vi såg det med terroraksjonen i In Amenas.

Litt etter litt endrar nordmenn også synet på seg sjølve og på verda. Og omverda endrar synet på Noreg og på nordmenn. Håp og forventningar til norske bidrag aukar. Mens somme ser på Noreg som gode, heldige og dyktige, ser andre på Noreg med misunning. Noreg er ikkje lenger tilskodar, men i aukande monn deltakar i internasjonal politikk.

NUPIs formål er todelt. Instituttet skal drive med forskning om internasjonale tilhøve som er relevante for norsk utanrikspolitikk, samstundes som instituttet skal drive formidling og kommunikasjon til eit breitt sett aktørar, frå skuleelevar til styringsorgan og interesserte borgarar.

I året som er gått, har vi endra organiseringa ved NUPI slik at vi er betre rusta til å studere endringar internasjonalt og endringar i norsk utanrikspolitikk. Vi har gått frå å ha fem store avdelingar til å ha åtte meir spissa forskingsgrupper. Mellom anna har vi fått ei ny forskargruppe rundt dei framveksande økonomiane, ei ny gruppe om geopolitikk i Midtausten, ei ny gruppe innanfor fredsoperasjonar og ei gruppe om norsk utanrikspolitikk.

Formålet med endringa er å styrke den faglege profilen og samstundes auke kvaliteten på forskinga ved å styrke fagleg integrasjon i gruppene. Vi trur òg at NUPI på den måten blir meir fleksibelt og relevant, samstundes som det aukar trivselen og kollegialiteten mellom dei tilsette.

Behovet for forskingsbasert kunnskap og kompetent formidling er stort i ei verd som er i sterk endring. Formidlingsarbeid er derfor viktig for NUPI, og i tida framover kjem vi til å gå gjennom korleis vi best kan sikre kommunikasjonsoppdraget vårt. Også i året som gjekk, har forskarar ved NUPI stilt opp i den offentlege debatten om internasjonal politikk og norsk utanrikspolitikk gjennom ei rekke ulike kanalar. Vi har òg arbeidd med å bli betre på å få ut resultatane frå eiga forskning til dei relevante brukargruppene og oppdragsgivarane våre.

Eit av dei viktigaste formidlingsprodukta til NUPI er *Hvor hender det?*– nettstaden *hvorhenderdet.nupi.no*, som mellom anna sender månadlege nyheitsbrev til norske elevar og lærarar i den vidaregåande skulen. Det siste året markerte vi 50-årsdagen til *Hvor hender det?*. Det som byrja som ein stensil, er i dag ein omfangsrik nettstad som blir brukt av titusentals elevar. I samband med feiringa vart skular frå heile landet inviterte til å konkurrere om å få NUPI-forskarar på besøk. I vinter har derfor mange av oss hatt store glede av å vitje skular og entusiastiske elevar og lærarar over heile landet. Kanskje møtte vi der ein framtidig utanriksminister eller ein leiar i ein internasjonal organisasjon?



Ulf Sverdrup



Årsmelding frå styret 2012

Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI) har eit godt tilfang av nye oppdrag og prosjekt, er synlege i samfunnet og har ein sunn økonomi. Styret er fornøgd med aktiviteten og dei faglege og økonomiske resultatane i 2012.

Viktige satsingsområde

NUPI har eit todelt formål: forskning på og formidling av kunnskap om mellomfolkelege spørsmål og internasjonale forhold. NUPI medverkar med kunnskap om internasjonale spørsmål på ei rekke område: maktforhold, tryggingsspolitikk, utvikling, energi, internasjonal økonomi og norsk utanrikspolitikk.

NUPIs forskning dekkjer desse emneområda:

- Norsk tryggingsspolitikk, europeiske tryggingssomsyn og transatlantiske relasjonar
- Global styring, stormaktsrivalisering og statssystem
- Energi og geopolitikk
- Internasjonal handel og investeringar, teknologi og økonomisk vekst
- Utvikling, statsdanningar og tryggleik, fattigdom og korrupsjon
- Konflikt og fredsbygging
- Fleirnasjonale operasjonar og tryggleik

I tillegg til kompetanse på emneområda har NUPI områdekompetanse på Balkan, Russland og Eurasia, Afrika, Midtausten, Europa og EU, Latin-Amerika og USA. Instituttet arbeider med å styrke kompetansen og forskinga på Asia.

NUPI har i 2012 omorganisert verksemda si. Formålet med endringa har mellom anna vore å styrke forskingsprofilen, opne for nye strategiske satsingar og auke synergien mellom ulike aktivitetar. Mens NUPI før hadde fem avdelingar, er verksemda no organisert i åtte forskargrupper. Desse gruppene har utvikla eigne forskingsprofilar og planar for aktiviteten sin. Som eit ledd i denne prosessen er leiarskapsstrukturen endra, og NUPI har styrkt det forskingsadministrative leddet for å auke kvaliteten i arbeidet med prosjektakkvisisjon og prosjektstyring.

Eit institutt som NUPI er ei kunnskapsbedrift der kompetansen og ferdigheitene til dei tilsette formar verksemda. Utsiftingar og endringar i samansettinga av staben påverkar drifta direkte. Det har vore fleire utsiftingar i 2012, og nokre av dei tilsette i NUPI har vore i permisjon for å fungere i sentrale posisjonar ved andre lærestader (for eksempel London School of Economics, Sjøkrigsskolen og Universitetet i Oslo). Dette er ei viktig godkjenning av NUPIs forskarar og fagmiljø. Samstundes reiser det utfordringar for nyrekrutteringa. I 2012 har instituttet derfor brukt tid og ressursar på å rekruttere nye dugande medarbeidarar. Instituttet er nøgd med at vi har fått mange kompetente søkarar frå inn- og utland.

I 2012 har NUPI arbeidd med å skaffe og levere prosjekt for ei brei gruppe av oppdragsgivarar. Dei viktigaste kjeldene til finansiering av instituttet er Utanriksdepartementet, Noregs forskingsråd, Forsvarsdepartementet og ulike internasjonale kjelder, mellom anna EU-finansiert forskning. I tillegg har NUPI ein del privat finansiering. Det er eit langsiktig mål å ha ulike finansieringskjelder. Variasjon reduserer risikoen,

samstundes som det gjer at NUPI kan drive forskning og analyse som er fagleg god og relevant for vedtaksorgana. I 2012 har vi særleg prioritert arbeidet med å styrke forskinga mot dei framveksande økonomiane og det nye globale systemet.

Når det gjeld den internasjonale finansieringa av NUPI, har prosentdelen historisk vore låg. Det er eit langsiktig mål å auke denne delen, fordi det gir nettverk og er eit uttrykk for fagleg kvalitet. Samstundes registrerer vi at den økonomiske krisa i Europa gjer at konkurransen om midlane aukar, og at det ligg store administrative kostnader i å skaffe internasjonal finansiering. Finansieringsstrukturen for norske institutt når det gjeld EU-pengar, er også slik at internasjonal finansiering ofte ikkje dekker kostnadene våre fullt ut. I 2012 har vi likevel prioritert arbeidet med å skrive søknader til EUs forskingsprogram og til andre internasjonale finansieringskjelder, for eksempel EØS-midlane og ulike internasjonale stiftingar.

Formidlingsarbeidet er ei viktig oppgåve for NUPI. I 2012 har det vore halde 86 offentlege arrangement. NUPI markerte også 50-årsjubileet for *Hvor hender det?*, som særleg rettar seg mot skuleelevar og lærarar i den vidaregåande skulen. Markeringa held fram i 2013 ved at mange forskarar ved instituttet er «lodda» ut i premie til skular ulike stader i Noreg. I 2012 var «Europa og EU i finanskrisa» tema for ein fullteikna Agenda-konferanse. Også dei to andre store arrangementa, «Militærmaktseminaret» og «Russlandseminaret», var svært godt besøkte.

For at NUPI skal kunne halde oppe ein leiande posisjon innanfor formidling, trengst det stadig utvikling. Det går føre seg ei rask teknologisk utvikling med auka bruk av sosiale medium, web, strøymetenester osv. NUPI kjem til å sette i gang ein prosess for å gå gjennom formidlingsstrategien og prioriteringa av formidlingsaktivitetar. I 2012 har NUPI også gjort nokre endringar i lokala sine. Biblioteket og publikumsteneene er løfta fram og gjorde meir tilgjengelege for besøkande. Samstundes har NUPI redusert leigearealet sitt gjennom ei viss konsentrasjon og fleire landskapsplassar. Formålet er å sikre at NUPI har tidsskorrekte og høvelege lokale, samstundes som instituttet kan spare kostnader og få eit enda betre arbeidsmiljø for dei tilsette.

Resultat av verksemda i 2012

Mål for arbeidet i NUPI i 2012 var:

1. NUPI skal medverke til større innsyn i mellomfolkelege spørsmål ved å drive forskning og utgreiing og ved å spreie informasjon om internasjonale tilhøve. Instituttet skal sjølv bygge opp og halde ved like kompetanse på område som er sentrale for norsk utanrikspolitikk.
2. NUPI skal vere eit leiande miljø for presentasjon av og diskusjon om internasjonal politikk, med særleg ansvar for å ta hand om kommunikasjonen med elevar og studentar og blant folk flest.

På grunnlag av arbeidsmåla har Kunnskapsdepartementet fastsett styringsparametrar og prestasjonskrav for arbeidet til NUPI.

Måloppnåing for arbeidsmål 1: Medverke til større innsyn gjennom forskning og utgreiing

For arbeidsmål 1 er styringsparametrane identiske med indikatorane i basisfinansieringssystemet. Her følger prestasjonskrava som departementet fastsette for 2012, og resultatata til NUPI:

Styringsparameter/indikator	Prestasjonskrav	Resultat
Vitskapleg publisering *	65	108
Gjennomførte doktorgradar **	2	1
Forskarårsverk i bistillingar	2	2,3
Inntekter frå Noregs forskingsråd, MNOK	9,8	18,3
Inntekter frå internasjonale kjelder, MNOK	2,5	2,0
Nasjonale oppdragsinntekter, MNOK	28,6	35,2

* Parameteren var formulert slik i 2012: «1,4 publiseringer i vitenskapelig tidsskrift/monografi per forskerårsverk».

** Kravet er to doktorgradar i snitt for dei tre siste åra.

Tabell som viser utviklinga over tid, med tal for dei tre siste åra:

Indikator	2010	2011	2012
Vitskapleg publisering, poeng	109	105	108
Gjennomførte doktorgradar i alt	0	3	1
Forskarårsverk i bistillingar i alt	2,4	2,8	2,3
Inntekter frå Noregs forskingsråd, MNOK	7,9	13,2	18,3
Inntekter frå internasjonale kjelder, MNOK	2,3	2,0	2,0
Nasjonale oppdragsinntekter, MNOK	36,8	19,6	35,2

Forskarane ved NUPI publiserer mykje, og instituttet høyrer til dei som publiserer mest i vår sektor. Publiseringspoenga i tabellen baserer seg på tal henta frå den nye CRISTin-databasen («Current Research Information System In Norway»), og dei viser at publiseringspoenga held seg på det same høge nivået som i 2011.

I 2012 har Iver B. Neumann gitt ut bøkene *At Home With Diplomats* og *Mat/Viten – tekster fra kunnskapens kjøkken*. Den siste boka er gitt ut saman med Thomas Ugelvik, og vart kåra til årets beste bok i kategorien «food writing» i Gourmand Cookbook Award. Kristin Haugevik har, saman med Øyvind Bratberg, skrive *Det glemte partnerskapet? Norge og Storbritannia i et nytt århundre*. Indra Øverland har skrive *Bridging Divides* og *Mastergraden – din kompetanse for fremtiden*, den første saman med Mikkel Berg-Nordlie, den andre saman med Harald Botha. Vi lyt òg ta med storverket *Maktens kvinner: verdens kvinnelige presidenter og statsministre 1960–2010*, skrive av Torild Skard.

I 2012 har éin forskar, i gruppa Fredsoperasjonar og Sikkerhetssektorreform, levert og disputert til doktorgraden. Kravet er to i snitt for dei tre siste åra. Med éin i 2012, tre i 2011 og ingen i 2010 nådde vi ikkje målet i 2012.

Åtte personar frå universitets- og høgskulesektoren (U&H) var tilsette i 20 prosent bistillingar ved NUPI, og åtte av dei faste medarbeidarane i NUPI hadde slike bistillingar i U&H. Til saman vart det «utveksla» 2,3 årsverk på denne måten, og kravet på 2 er dermed innfridd.

NUPI hadde til saman om lag 85 eksternt finansierte prosjekt som varte eit halvt år eller meir i 2012. Prosjekta er finansierte med midlar frå Utanriksdepartementet, Forsvarsdepartementet, Noregs forskingsråd og ein del andre nasjonale og internasjonale finansieringskjelder.

Finansieringa frå Forskringsrådet er aukande. Dette er positivt sidan det gir oss høve til å ha eit meir langsiktig perspektiv og legge meir vekt på grunnforskninga. Det er avgjerande dersom instituttet skal kunne utvikle ein langsiktig kompetanse. Noko av auken kjem av endringa i måten inntektene blir bokførte på.

Det er rekneskapsført om lag 2,0 millionar kroner i internasjonale inntekter. Heller ikkje i 2012 greidde vi å nå prestasjonskravet. 2,5 millionar er eit nøkternt mål som burde vere godt innanfor rekkevidde. NUPI er involvert i eit større program innanfor EUs 7. rammeprogram, GR:EEN, i tillegg til ein del mindre internasjonale prosjekt. Vi konstaterer likevel at NUPI ikkje har vore gode nok til å skaffe internasjonale pengar, og at det tek tid å gjere noko med det. NUPI held derfor fram med strategien som går ut på å auke den internasjonale innteninga gjennom å utvikle nye og eksisterande nettverk og samarbeidsrelasjonar.

Når det gjeld resultatet på indikatoren «nasjonale oppdragsinntekter», vart det i fjor sett i verk ein prosess for å klargjere kva som inngår i dette omgrepet. Basert på definisjonar frå Kunnskapsdepartementet og Forskringsrådet har det vore uklart kva for prosjektinntekter frå Utanriks- og Forsvarsdepartementet som kan takast med. Tala frå NUPI for 2012 baserer seg på den felles oppfatninga til dei utanrikspolitiske institutta av gjeldande retningslinjer.

Status ved utgangen av 2012 var slik: NUPI har også i 2013 ein jobb å gjere når det gjeld den internasjonale finansieringa. Og vi må jobbe hardt og målretta for å halde oppe den gode trenden for tilgang på prosjektmidlar frå Forskringsrådet.

Måloppnåing for arbeidsmål 2:

Vere eit leiande miljø for presentasjon av og diskusjon om internasjonal politikk

NUPI arbeider målretta med forskingsformidling og kunnskapsbasert deltaking i offentleg debatt. NUPI oppnådde gode resultat i formidlingsarbeidet i 2012.

Seminar og konferansar

NUPI heldt 89 seminar og konferansar i 2012 med i alt rundt 3800 deltakarar. 32 av arrangementa varte i meir enn ein dag eller hadde meir enn 70 deltakarar. Arrangementsverksemda rettar seg mot varierte målgrupper: forskingsmiljø, studentar, NGO-ar, forvaltninga og allmenta.

I mai fekk NUPI løyvd UD-midlar til ein seminarserie om Europa med mål om å medverke til ein kunnskapsbasert Europa-debatt i Noreg. Fleire av seminara i serien har vekt atskilleg interesse og medieomtale, og forskarane har skrive kronikkar og «policy briefs» retta mot den interesserte allmenta. Tre av seminara, mellom anna Agenda-konferansen som samla meir enn 200 gjester, er filma og tilgjengelege på nupinytt.blogspot.no. Fleire NUPI-forskarar har gjennom året vore med i Europa-debatten i media, også i samband med tildelinga av Nobels fredspris til EU.

Media

NUPI legg vekt på at medverknaden vår i media skal vere forskingsbasert, truverdig og relevant. Forskarane våre er kjende som kunnskapsrike, pålitelege og tilgjengelege i redaksjonane, og blir mykje nytta som kjelder. Det er registrert om lag 2500 medieoppslag i norske nett- og papirmedium. I tillegg kjem deltaking i etermedium og i internasjonale medium. NUPI-forskarar har i 2012 vore siterte eller hatt kronikkar i mellom anna The Independent, The New York Times, Wall Street Journal og BBC.

I tillegg til omfattande deltaking i media er prestasjonskravet sett til to kronikkar som skal offentleggjerast i aviser og tidsskrift per forskarårsverk. I samsvar med dette kravet er det publisert 88 kronikkar i 2012.

Digitale kanalar

Digitale flater er NUPIs primære kanal for ekstern kommunikasjon. I 2012 har særleg kvaliteten på NUPIs aktivitet i sosiale medium vorte atskilleg høgare. Facebook-sida til «Hvor hender det?» (HHD) er ein populær kanal med om lag 1200 følgjarar. Facebook-sida til NUPI vart òg endra i 2012 og har i dag ikring 1100 følgjarar.

Nettstadene nupi.no og hvorhenderdet.no har hatt rundt 20 000 og rundt 14 000 brukarar i snitt per månad. Om lag 20 000 e-postadresser tek no imot nyheitsbrev frå HHD – ein monaleg auke frå siste året.

Skuleretta verksemd

Elevar frå 24 skular var på besøk hos NUPI i fjor, og i desember 2012 vann fem skular over heile landet eit forskarbesøk frå NUPI i tilknytning til 50-årsjubileet for HHD. Dei fem forskarane gjestar skulane våren 2013. Chat-tenesta i det virtuelle biblioteket har vore open i opningstida til biblioteket.

Vitskapleg og annan fagleg produksjon dei siste fem åra

	2008	2009	2010	2011	2012
Vitskaplege tidsskriftartiklar	38	30	40	63	49
– av dei internasjonale	25	16	29	38	40
Vitskaplege bokartiklar	16	41	21	21	39
Bøker og monografiar	5	9	9	5	5
Vitskapleg publisering totalt	59	83	70	89	93
Eksterne rapportar *	22	21	18	13	6
NUPI-publikasjonar **	39	30	45	31	47
Kronikkar	153	128	123	99	88

* Rapportar som er utgitt av andre enn NUPI, men med NUPI-forskarar som forfattar/medforfattar

** «Working papers», NUPI-rapportar og «policy briefs»

Oversyn over seminar og konferansar dei siste fem åra

	2008	2009	2010	2011	2012
I alt	88	86	95	107	89
– av dei >70 deltakarar eller heildagsarrangement	34	33	23	44	32

Systematiske brukarundersøkingar

Systemet for tilbakemeldingar på nettstadene til NUPI, nupi.no og hvorhenderdet.no, er dessverre utsett på grunn av kapasitetsproblem. Vi tek sikte på at dette skal vere på plass i 2013.

Tilgjengeleggjering av offentlege data

NUPI har ingen data som kjem inn under dette kravet. All forskning som blir produsert ved instituttet, er tilgjengeleg på nettstadene til NUPI.

Måloppnåing – samla vurdering

Med utgangspunkt i dei to arbeidsmåla som er utarbeidde for NUPI, seier styret seg tilfreds med måloppnåinga i 2012. Dette gjeld innsatsen instituttet har gjort for å halde fast ved posisjonen som leiande miljø for presentasjon av og diskusjon om internasjonal politikk, og i arbeidet med å auke innteninga frå Noregs forskingsråd. Det er kontroll med kostnadene ved instituttet. Styret meiner derfor det er god balanse mellom måloppnåing og ressursbruk.

Omsetning og resultatrekneskap

Etter pålegg frå Kunnskapsdepartementet vart bokføringa av NUPIs inntekter endra frå og med rekneskapsåret 2011, og mesteparten av inntektene blir no ført etter kontantprinsippet. Dei bokførte inntektene auka frå 72,0 MNOK i 2011 til 77,6 MNOK i 2012.

Framleis er prosjektinntektene frå Utanriksdepartementet den viktigaste finansieringskjelda for NUPI, med 34 prosent av totalinntekta. Deretter følger prosjektinntekter frå Noregs forskingsråd med 24 prosent og prosjektinntekter frå Forsvarsdeparte-

mentet med 8 prosent. Summen av basisløyvinga frå Noregs forskingsråd og tilskotet frå Kunnskapsdepartementet for å utføre nasjonale kommunikasjonsoppgåver utgjorde 25 prosent av dei totale inntektene til NUPI i 2012.

På kostnadssida hadde vi litt færre årsverk enn planlagt på forskarsida. Dette gav oss lågare personalkostnader enn venta, men også færre til å vere med på å dekke overheadkostnadene. Vidare fekk vi ein meirkostnad på husleige og andre kostnader knytte til drifta av lokala til NUPI. Det kjem av at framleige av dei lokala som vart fristilte etter konsentrasjonen ved siste årsskiftet, vart utsett i vel eit halvt år.

Årsrekneskapen er gjord opp med eit overskot på kr 21 736, som heilt ut er tilført kapitalen i verksemda. Beløpet kjem til syne som eit samla resultat frå fire oppdragsprosjekt som vart avslutta i 2012.

Den totale kapitalen i verksemda utgjer ved utgangen av 2012 i overkant av 5,2 MNOK.

Fordeling av inntekter på ulike finansieringskjelder

Tabellen nedanfor viser korleis inntektene fordeler seg på ulike finansieringskjelder i 2012 og dei to føregåande åra.

	2010 i prosent	2011 i prosent	2012 MNOK	2012 i prosent
Basisløyving Noregs forskingsråd	23	21	6	4,4
Tilskot Kunnskapsdepartementet	6	6	19	14,6
Utanriksdepartementet	42	36	26,3	34
Forsvarsdepartementet	10	9	6,4	8
Noregs forskingsråd (prosjekt)	12	18	18,3	24
Utanlandske finansieringskjelder	3	2	2,0	3
Andre inntekter	5	8	5,6	6

Medarbeidarar

Det vart i 2012 utført 62,2 årsverk ved instituttet. Dette er ein nedgang på litt over fire årsverk jamført med året før. Den største nedgangen finn vi i kategorien studentar, interns og sivilarbeidarar, som m.a. har si årsak i at ordninga med sivilarbeidarar vart avvikla hausten 2011. Vi har òg ein liten nedgang i talet på forskarårsverk. Dette skriv seg frå at fleire av forskarane våre har fått jobb ved andre akademiske institusjonar, og at det tek tid å rekruttere nye for å erstatte dei.

Prosentdelen av kvinnelege forskarar auka frå 30 til 33 prosent. Sjå meir om dette i delrapporten om likestilling.

Fordeling av årsverk (2009–2012)

	2009	2010	2011	2012
Forskarar *	38,2	40,2	41,8	40,3
Faglege rådgivarar/seniorrådgivarar	4,5	4,0	3,5	2,9
Kommunikasjon/administrasjon	18,0	17,1	15,8	15,2
Studentar, interns og sivilarbeidarar **	11,6	7,7	5,6	3,8
SUM	72,3	69,0	66,7	62,2

* Inkludert doktorgradsstipendiatar

** Ordninga med sivilarbeidarar vart avvikla i 2011.

Det er ingen planar om vesentlege endringar i storleiken på NUPIs faglege og administrative stab. Ein reknar derfor med at staben vil halde seg stabil i åra framover.

Instituttet held til i Oslo, og det ligg ikkje føre planar om flytting eller nyetableringar i andre delar av landet.

Arbeidsmiljø, inkluderande arbeidsliv (IA) og helse, miljø og sikring (HMS)

Det er ingen planar om vesentlege endringar i storleiken på NUPIs faglege og administrative stab. Ein reknar derfor med at staben vil halde seg stabil i åra framover.

Arbeidsmiljøet på NUPI er godt, og trivselen er stor. Det legemelde sjukefråværet i 2012 var på 1,5 prosent, som er godt innanfor målsettinga på under 4 prosent. Medarbeidarar med redusert funksjonsevne blir følgde opp i samarbeid med bedriftshelsetesta.

Seniorpolitikk

Det er utarbeidd ein eigen seniorpolitikk ved instituttet. Pensjonsalderen ved instituttet er høg, og det er derfor ikkje nødvendig å sette i verk særskilde tiltak for å auke denne alderen.

HMS-arbeidet

Bedriftshelsetenesta Stamina Hot er samarbeidspartnar på HMS-området, både i oppfølginga av kvar medarbeidar og for instituttet under eitt. I delrapporten om likestilling blir det gjort greie for andre tiltak i IA-avtalen, mellom anna rekruttering av personar med nedsett funksjonsevne.

Samfunnstryggleik og beredskap

Beredskapsplanen til NUPI for kriser og katastrofar i fredstid blir gjennomgått og revidert ein gong i året. Formålet med planen er å klarlegge kva for alvorlege krisesituasjonar som kan utgjere eit direkte trugsmål mot liv og helse eller store materielle verdiar, og korleis NUPI er organisert for å møte slike situasjonar; medrekna ansvarstilhøve, varslingsrutinar, informasjonshandtering, dokumentasjon og oppfølging/oppdatering av planane.

Ut frå eit samfunnsperspektiv er NUPIs arbeid med beredskap under kriser og katastrofar i fredstid i hovudsak knytt til analysar og kommentarar i media.

Lærlingar i staten

NUPI har ikkje hatt lærlingar knytte til verksemda i 2012. Det kjem i hovudsak av den karakteren verksemda har, som set krav til ein annan type kompetanse. NUPI vurderer heile tida vilkåra for å kunne ta imot lærlingar innanfor merkantile tenester, kontor-drift og IT, noko som krev større kompetanse hos medarbeidarane ved instituttet.

Årsmeldinga frå styret for 2012 vart godkjend og vedteken på styremøte i
Oslo 13.2.2013

Elsbeth Tronstad /s/

Rolf Vestvik /s/

Tore Gundersen /s/

Torunn Laugen Haaland /s/

Kristin Haugevik /s/

Elin O. Demiraslan /s/

Rekneskap 2012

Resultatrekneskap 2012

	Note*	31.12.2012	31.12.2011
Driftsinntekter			
Inntekt frå løyvingar	1	53 965 921	51 142 184
Tilskot og overføringar frå andre	1	19 464 945	16 458 004
Sals- og leigeinntekter	1	4 177 781	4 430 514
<i>Sum driftsinntekter</i>		77 608 647	72 030 702
Driftskostnader			
Lønn og sosiale kostnader	2	43 335 981	44 313 633
Andre driftskostnader	3	33 028 312	26 166 466
Avskrivningar	5	1 340 691	1 141 191
<i>Sum driftskostnader</i>		77 704 984	71 621 290
Resultat av ordinære aktivitetar		-96 337	409 412
Finansinntekter og finanskostnader			
Finansinntekter	6	4 555	3 474
Finanskostnader	6	9 590	10 900
<i>Sum finansinntekter og finanskostnader</i>		-5 035	-7 426
Resultat av ordinære aktivitetar		-101 373	401 986
Avrekningar			
Avrekning statleg og bidragsfinansiert aktivitet (nettobudsjetterte)	15	123 109	152 712
<i>Sum avrekningar</i>		123 109	152 712
Perioderesultat		21 736	554 698
Disponeringar:			
Tilført annan opptent verksemdskapital	8	21 736	554 698
<i>Sum disponeringar</i>		21 736	554 698

* Nummereringa av notane følgjer statens rekneskapsstandard. Ikkje alle notane i standarden er aktuelle for NUPI.

Balanse 31.12.2012–

	Note	31.12.2012	31.12.2011
Eigedelar			
A. Anleggskapital			
Varig driftskapital			
Maskinar og transportmiddel	5	1 169 312	1 898 802
Driftslausøyre, inventar, verktøy o.l.	5	2 326 586	637 948
<i>Sum varig driftskapital</i>		3 495 898	2 536 750
Sum anleggskapital		3 495 898	2 536 750
B. Omløpskapital			
Fordringar			
Kundefordringar	13	3 797 721	3 866 983
Andre fordringar	14	733 411	484 770
Opptente, ikkje fakturerte inntekter	16	330 408	76 336
<i>Sum fordringar</i>		4 861 541	4 428 089
Kasse og bank			
Bankinnskot	17	40 222 751	40 845 683
Andre kontantar/kontantekvivalentar	17	6 536	14 096
<i>Sum kasse og bank</i>		40 229 287	40 859 779
Sum omløpskapital		45 090 828	45 287 868
Sum eigedelar		45 586 726	47 824 618

Balanse 31.12.2012– (framhald)

	Note	31.12.2012	31.12.2011
Verksemdskapital og gjeld			
C. Verksemdskapital			
Opptent verksemdskapital			
Opptent verksemdskapital	8	5 208 763	5 187 027
<i>Sum opptent verksemdskapital</i>		5 208 763	5 187 027
Sum verksemdskapital		5 208 763	5 187 027
D. Gjeld			
I Avsetning for langsiktige skyldnader			
Ikkje inntektsført løyving knytt til anleggsmiddel	5	3 495 898	2 536 750
<i>Sum avsetning for langsiktige skyldnader</i>		3 495 898	2 536 750
III Kortsiktig gjeld			
Gjeld til leverandørar		12 283	2 253 647
Skuldig skattetrekk		1 842 502	1 687 236
Skuldige offentlege avgifter		1 732 553	1 384 231
Avsette feriepengar		3 819 087	3 778 117
Forskotsbetalte, ikkje opptente inntekter	16	2 079 277	1 154 584
Anna kortsiktig gjeld	18	2 446 572	1 073 568
<i>Sum kortsiktig gjeld</i>		11 932 274	11 331 383
IV Avrekning med statskassa			
Avsetning statleg og bidragsfinansiert aktivitet (nettobudsjetterte)	15	26 559 453	26 682 562
Ikkje inntektsførte løyvingar og bidrag (nettobudsjetterte)	15	1 390 338	2 086 896
<i>Sum avrekningar</i>		27 949 791	28 769 458
Sum gjeld		43 377 963	42 637 591
Sum verksemdskapital og gjeld		48 586 726	47 824 618

Kontantstrømoppstilling etter den direkte modellen

	Note	31.12.2012	31.12.2011
Kontantstrømmer frå operasjonelle aktivitetar			
Innbetalingar			
innbetalingar av løyvingar (nettobudsjetterte)		54 925 070	20 068 000
innbetalingar av tilskot og overføringar frå andre statsetatar		26 409 916	57 405 053
innbetaling av refusjonar		1 354 820	1 224 438
andre innbetalingar		0	6 524
Sum innbetalingar		82 689 806	78 704 015
Utbetalingar			
utbetaling av lønn og sosiale kostnader		37 611 817	36 693 033
utbetaling for varer og tenester for vidaresal og eige forbruk		32 440 592	29 948 298
utbetaling av skattar og offentlege avgifter		1 033 737	1 299 054
utbetalingar og overføringar til andre statsetatar		9 926 752	6 529 778
andre utbetalingar		7 560	0
Sum utbetalingar		81 020 457	74 470 162
Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar*		1 669 349	4 233 853
Kontantstrømmer frå investeringsaktivitetar			
utbetalingar ved kjøp av varige driftsmiddel		-2 299 840	-1 241 523
Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar		-2 299 840	-1 241 523
Netto endring i kontantar og kontantekvivalentar		-630 491	2 992 331
Sum av kontantar og kontantekvivalentar ved periodestart		40 859 779	37 867 448
Sum av kontantar og kontantekvivalentar ved periodeslutt		40 229 288	40 859 779

* Avstemming	Note	31.12.2012	31.12.2011
perioderesultat		21 736	554 698
ordinære avskrivningar		1 340 691	1 141 191
avsetning utsette inntekter (tilgang anleggsmiddel)		-2 299 840	-1 241 523
endring i ikkje inntektsført løyving knytt til anleggsmiddel		959 149	100 332
endring i kundefordringar		69 262	1 776 447
endring i ikkje inntektsførte løyvingar og bidrag		-2 241 364	-36 453
postar klassifiserte som investerings- eller finansieringsaktivitetar		2 299 840	1 241 523
endring i andre tidsavgrensingspostar		1 519 875	697 638
Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar		1 669 349	4 233 853

Årsrekneskapen frå styret for 2012 vart godkjend og vedteken på styremøte i
Oslo 13.2.2013

Elsbeth Tronstad /s/

Rolf Vestvik /s/

Tore Gundersen /s/

Torunn Laugen Haaland /s/

Kristin Haugevik /s/

Elin O. Demiraslan /s/

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med dei tilrådde statlege rekneskapsstandardane (SRS), med unntak av Kunnskapsdepartementets tilpassingar for universitets- og høgskulesektoren.

Inntekter

På bakgrunn av pålegg frå Kunnskapsdepartementet i brev av 23. januar 2012 har NUPI endra prinsippet for inntektsføring i forskingsprosjekt med statleg finansieringskjelde, som frå og med 2011 er kategorisert som inntekt frå løyving. Dette har til følgje at bidragsinntekter frå statleg finansieringskjelde som er registrerte i rekneskapsåret, er førte til inntekt i same perioden som tilgangen vart registrert, jf. SRS 10, punkt 20. Eventuelle ubrukte midlar er avrekna og avsette som avrekning statleg og bidragsfinansiert aktivitet. Før prinsippendinga vart inntektene frå statlege finansieringskjelder inntektsførte etter prinsippet om motsett samanstilling, jf. SRS 10, punkt 7.

Kostnader

Kostnader ved verksemd som er finansiert av løyvingar eller midlar som skal handterast tilsvarande, er resultatførte i den perioden kostnaden kom, eller når det er identifisert ein skyldnad. Kostnader som vedkjem transaksjonsbaserte inntekter, er samanstilte med dei tilsvarande inntektene og kostnadsførte i same perioden. Prosjekt innanfor oppdragsarbeid er handterte etter metoden om kontinuerleg avrekning utan fortene. Fullføringsgraden er målt som forholdet mellom oppsamla kostnader og totalt estimerte kontraktkostnader.

Pensjonar

I statlege rekneskapsstandardar er det lagt til grunn ei forenkla tilnærming til pensjonar. Det er derfor *ikkje* gjort overslag eller avsetning for eventuell over-/underdekning i pensjonsordninga som svarar til NRS 6. Årets pensjonskostnad svarar derfor til årleg premie til Statens pensjonskasse (SPK).

Klassifisering og vurdering av balansepostar

Omløpskapital og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eitt år etter innkjøpstidspunktet, og postar som knyter seg til varekrinsløpet. Andre postar er klassifiserte som anleggskapital/langsiktig gjeld. Omløpskapitalen er vurdert til det lågaste av inntakskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på opptakstidspunktet. Anleggskapitalen er vurdert til inntakskost med frådrag av avskrivningar og blir nedskriven til verkeleg verdi ved eventuell bruksending.

Varig driftskapital

Varig driftskapital er balanseført og blir avskriven over den økonomiske levetida til driftsmidlet.

Finansiering av periodiserte postar

Omløpskapital / kortsiktig gjeld

Nettosummen av alle balansepostar, med unntak av immaterielle egedelar og varig driftskapital, har ein motpost i *Avrekning løyvingsfinansiert aktivitet* eller *Ikkje inn-*

tekstført løyving. Avrekninga gir dermed eit uttrykk for statens eigarkapital når det gjeld kortsiktige postar og eventuelle finansielle anleggsmidlar.

Anleggskapital

Balanseført verdi av immaterielle egedelar og varig driftskapital har ein motpost i rekneskapslinja *Ikkje inntektsført løyving knytt til anleggsmiddel*. Dette representerer finansieringa av desse anleggsmidla. Ved tilgang på immaterielle egedelar og varig driftskapital blir innkjøpskostnaden balanseført. Samstundes går innkjøpskostnaden til reduksjon av resultatposten *Inntekt frå løyvingar* og til ein auke av balanseposten *Ikkje inntektsført løyving knytt til anleggsmiddel*.

Avskrivninga av anleggsmiddel er kostnadsført. I samsvar med gjennomført avskrivning er eit tilsvarende beløp inntektsført under *Inntekt frå løyving*. Dette gjennomfører ein ved at finansieringsposten *Ikkje inntektsført løyving knytt til anleggsmiddel* blir avslutta i tråd med at anleggsmidlet blir forbrukt i verksemda. Konsekvensen av dette er at avskrivningane har ein resultatnøytral effekt.

Ved realisasjon/sal av driftsmiddel er gevinst/tap resultatført i rekneskapen. Gevinst/tap reknar ein ut som skilnaden mellom salsvederlaget og balanseført verdi ved realisasjonstidspunktet. Resterande bokført verdi på realisasjonstidspunktet av ikkje inntektsført løyving knytt til anleggsmidlet blir inntektsført.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppførte i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til forventta tap. Avsetning til tap skjer på grunnlag av individuelle vurderingar av kvar fordring. For kundefordringar blir det i tillegg gjort ei uspesifisert avsetning for å dekkje pårekna tap.

Sjølvassurandørprinsippet

Staten opererer som sjølvassurandør. Det er derfor ikkje inkludert postar i balansen eller resultatrekneskapen som søkjer å reflektere alternative netto forsikringskostnader eller skyldnader.

Statens konsernkontoordning

For statlege verksemdar gjeld statens konsernkontoordning. Konsernkontoordninga fører til at alle bankinnskot/utbetalingar dagleg blir gjorde opp mot oppgjerskontoane til verksemdene i Noregs Bank.

NUPI får tilført likvidar gjennom året i samsvar med utbetalingsplan frå overordna fagdepartement. NUPI disponerer ein eigen oppgjerskonto i konsernkontoordninga i Noregs Bank. Her reknar ein ikkje renter. Nettobudsjetterte verksemdar får ha likviditeten ved årsslutt.

Kontantstraumoppstilling

Kontantstraumoppstillinga er utarbeidd etter den direkte modellen tilpassa statlege verksemdar.

Kommentar

NUPI er eit statleg forvaltningsorgan med særskilde fullmakter underlagt Kunnskapsdepartementet. Formålsparagrafen til instituttet lyder slik:

Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI) har som formål å bidra til økt innsikt i mellomfolkelige spørsmål ved å drive forskning og utredning og ved å spre informasjon om internasjonale forhold. Instituttet skal selv bygge opp og vedlikeholde kompetanse på områder av sentral betydning for norsk utenrikspolitikk.

Årsrekneskapen for 2012 er levert i samsvar med dei statlege rekneskapsstandardane og etter følgjande pålegg frå Kunnskapsdepartementet når det gjeld føring av inntekter (frå og med 2011):

Bidragsinntekter frå statlege finansieringskjelder som er registrert innbetalte i rekneskapsåret, er førte til inntekt i same perioden som tilgangen er registrert. Eventuelle ubrukte midlar er avrekna og avsette som avrekning statleg og bidragsfinansiert aktivitet. Før 2011 vart inntektene frå statlege finansieringskjelder inntektsførte etter prinsippet om motsett samanstilling, dvs. at inntektene vart bokførte i samsvar med framdrifta (oppsamla kostnader) i prosjektet.

Omsetninga i 2012 kom opp i 77,6 millionar mot 72,0 millionar i 2011. Det er framleis prosjektinntekter frå Utanriksdepartementet som er den viktigaste finansieringskjelda for NUPI, med 34 prosent av totalinntekta. Deretter følgjer prosjektinntekter frå Noregs forskingsråd med 24 prosent og prosjektinntekter frå Forsvarsdepartementet med 8 prosent. Summen av basisløyvinga frå Noregs forskingsråd og tilskotet frå Kunnskapsdepartementet for å utføre nasjonale kommunikasjonsoppgåver utgjorde 25 prosent av dei totale inntektene til NUPI i 2012.

På kostnadssida hadde vi litt færre årsverk enn planlagt på forskarsida. Dette gav oss lågare personalkostnader enn venta, men også færre til å vere med på å dekkje overheadkostnadene. Vidare fekk vi ein meirkostnad på husleige og andre kostnader knytte til drifta av lokala til NUPI. Det kjem av at framleige av dei lokala som vart fristilte etter konsentrasjonen ved siste årsskiftet, vart utsett i vel eit halvt år.

Årsrekneskapen er gjord opp med eit overskot på kr 21 736, som heilt ut er tilført kapitalen i verksemda. Beløpet kjem til syne som eit samla resultat frå fire oppdragsprosjekt som vart avslutta i 2012.

Den totale kapitalen i verksemda utgjer ved utgangen av 2012 i overkant av 5,2 MNOK.

Oslo 13.2.2013

Ulf Sverdrup

Notar til rekneskapen

Note 1 – Spesifikasjon av driftsinntekter

	31.12.2012	31.12.2011
<i>Inntekt frå løyvingar frå Kunnskapsdepartementet</i>		
Løyvingar frå Kunnskapsdepartementet i perioden*	20 256 000	20 068 000
– bruttosum til investeringsformål / varig driftskapital av løyvinga/driftstilskotet i perioden	–2 299 840	–1 241 523
+ utsett inntekt frå skyldnad knytt til investeringar (avskrivningar)	1 340 691	1 141 191
<i>Sum inntekt frå løyvingar frå Kunnskapsdepartementet</i>	<i>19 296 852</i>	<i>19 967 668</i>
<i>* NUPI får delar av løyvinga frå NFR, totalt 16 053 000 kr.</i>		
<i>Tilskot og overføringar frå andre departement</i>		
<i>Sum tilskot og overføringar andre departement</i>	<i>34 669 070</i>	<i>31 174 516</i>
<i>Sum inntekt frå løyvingar (linje 1 i resultatrekneskapen)</i>	<i>53 965 921</i>	<i>51 142 184</i>
<i>Tilskot frå andre statlege forvaltningsorgan</i>		
Tilskot/overføring frå NFR i perioden	18 225 518	13 014 884
Andre statlege oppdragsgivarar		974 356
<i>Sum tilskot og overføringar frå andre statlege forvaltningsorgan</i>	<i>18 225 518</i>	<i>13 989 240</i>
<i>Tilskot til annan bidragsfinansiert aktivitet</i>		
Kommunale og fylkeskommunale etatar	128 125	0
Næringsliv/privat	81 036	629 292
EU-tilskot / tildeling frå rammeprogram for forskning	847 181	376 546
<i>Sum tilskot til annan bidragsfinansiert aktivitet</i>	<i>1 239 427</i>	<i>2 468 764</i>
Andre	183 084	1 462 926
<i>Sum tilskot og overføringar frå andre (linje 2 i resultatrekneskapen)</i>	<i>19 464 945</i>	<i>16 458 004</i>

<i>Inntekt frå oppdragsbasert aktivitet</i>		
Statlege etatar	547 608	1 776 300
Organisasjonar	0	2 066 496
Næringsliv/privat	1 692 237	0
Stiftingar	786 582	0
Andre	1 151 354	
<i>Sum inntekt frå oppdragsfinansiert aktivitet</i>	<i>4 177 781</i>	<i>3 842 796</i>
<hr/>		
Andre sals- og leigeinntekter	0	587 718
<i>Sum sals- og leigeinntekter (linje 4 i resultatrekneskapen)</i>	<i>4 177 781</i>	<i>4 430 514</i>
<hr/>		
<i>Sum driftsinntekter</i>	<i>77 608 647</i>	<i>72 030 702</i>
<hr/>		

Note 2 – Lønn og sosiale kostnader

	31.12.2012	31.12.2011
Lønningar	29 688 422	29 100 199
Feriepengar	3 543 058	3 481 081
Arbeidsgivaravgift	5 049 644	4 931 819
Pensjonskostnader	3 418 826	3 271 858
Sjukepengar og andre refusjonar	-1 354 820	-1 224 438
Andre oppgåvepliktige ytingar	2 990 852	4 753 115
Sum lønn og sosiale kostnader	43 335 981	44 313 633
<hr/>		
Årsverk i alt	62	67

Pensjonar er kostnadsførte i resultatrekneskapen og baserer seg på den faktiske premien i rekneskapsåret.

Premiesatsen for 2012 har vore 11,25 prosent.

Premiesatsen for 2011 har vore 10,3 prosent.

Note 3 – Andre driftskostnader

	31.12.2012	31.12.2011
Husleige	5 720 120	5 636 063
Andre kostnader til drift av eigedom og lokale	1 391 007	834 737
Mindre innkjøp av utstyr	1 855 724	1 590 699
Konsulentar og andre kjøp av tenester	2 942 178	1 177 962
Reiser og diett	5 445 749	4 375 402
Overført samarbeidspartnar	9 926 752	6 529 778
Trykking, kopiering og utsending	1 048 762	884 108
Seminar, konferansar og møteutgifter	3 515 108	4 034 872
Bibliotek: aviser, bøker og tidsskrift	603 786	655 310
Andre driftskostnader	579 127	447 534
Sum andre driftskostnader	33 028 312	26 166 466

Note 5 – Varig driftskapital

	IKT	Inventar og utstyr	Totalsum
Inntakskost 31.12.2011	6 298 228	1 481 807	7 780 035
Tilgang per 31.12.2012	354 764	1 945 076	2 299 840
Inntakskost 31.12.2012	6 652 922	3 426 883	10 079 875
Akkumulerte avskrivningar 31.12.2011	4 399 427	843 858	5 243 285
Ordinære avskrivningar i 2012	1 084 253	256 438	1 340 691
Balanseført verdi 31.12.2012	1 169 312	2 326 587	3 495 898

Note 6 – Finansinntekter og finanskostnader

	31.12.2012	31.12.2011
Finansinntekter		
Renteinntekter	0	27
Agiovinning	4 555	3 447
Sum finansinntekter	4 555	3 474
Finanskostnader		
Rentekostnad	8 878	10 689
Agiotap	713	211
Sum finanskostnader	9 590	10 900

Grunnlag for utrekning av rentekostnader på investert kapital:

	31.12.2012	31.12.2011	Snitt i perioden
Balanseført verdi varig driftskapital	7 780 035	2 536 749	5 158 392
Sum	7 780 035	2 536 749	5 158 392

Talet på måneder på rapporteringstidspunktet	12
Gjennomsnittleg kapitalbinding i år 2012	5 158 392
Fastsett rente for 2012	3,04 %
Utrekna rentekostnad på investert kapital	156 815

Utrekning av rentekostnader på den kapitalen som er investert i verksemda, blir her vist i tråd med «Utkast til veiledningsnotat om renter på kapital».

Note 8 – Innskoten og opptent verksemdskapital (nettobudsjetterte verksemder)

Annan opptent egenkapital:

Annan opptent verksemdskapital 1.1.2012	5 187 027
Overført frå perioderesultatet	21 736
Annan opptent verksemdskapital 31.12.2012	5 208 763
Sum opptent verksemdskapital 31.12.2012	5 208 763

Nettobudsjetterte verksemder kan ikkje etablere verksemdskapital innanfor den løyvingfi-
nansierte verksemda, sjå note 15. Opptent verksemdskapital svarar dermed til resultatet frå
oppdragsfinansiert aktivitet.

Note 13 – Kundefordringar

	31.12.2012	31.12.2011
Kundefordringar til pålydande	3 797 721	3 866 983
Sum kundefordringar	3 797 721	3 866 983

Note 14 – Andre kortsiktige fordringar

	31.12.2012	31.12.2011
Reiseforskot	25 045	6 294
Forskotsbetalte kostnader	808 551	478 475
Andre fordringar	-100 185	0
Sum	733 411	484 770

**Note 15 – Avrekning statleg og bidragsfinansiert verksemd (netto-
budsjetterte verksemd)**

	Avsetning per 31.12.2012	Avsetning per 31.12.2011	Endring
<u>Inntektsførte løyvingar og bidrag</u>			
<i>Kunnskapsdepartementet /NFR:</i>			
Utsett verksemd	1 674 461	1 200 510	473 951
Sum Kunnskapsdepartementet	1 674 461	1 200 510	473 951
<i>Andre departement og statlege etatar:</i>			
Utsett verksemd	13 043 402	16 788 558	-3 745 156
Sum andre departement og statlege etatar	13 043 402	16 788 558	-3 745 156
<i>Noregs forskingsråd:</i>			
Utsett verksemd	9 896 665	6 069 395	3 827 270
Sum Noregs forskingsråd	9 896 665	6 069 395	3 827 270
Sum departement og statlege etatar	24 614 528	24 058 463	556 065
Sum avsett del av tilskot til statleg finansiert aktivitet	24 614 528	24 058 463	556 065
<i>Andre bidragsytarar:</i>			
Strategiske formål	1 994 925	2 244 099	-299 174
Andre avsetningar	0	380 000	-380 000
Sum andre bidragsytarar	1 944 925	2 624 099	-679 174
Sum avsett del av tilskot til statleg og bidragsfinansiert aktivitet	26 559 453	26 682 562	-123 109
<u>Ikkje inntektsførte løyvingar, bidrag og gåver</u>			
<i>Andre bidragsytarar:</i>			
EU-prosjekt	1 071 066	1 756 587	-685 522
Tiltak/oppgåve/formål	319 272	330 308	-11 036
Sum andre bidragsytarar	1 390 338	2 086 896	-696 558
Sum ikkje inntektsførte løyvingar og bidrag	1 390 338	2 086 896	-696 558
Sum ikkje inntektsførte løyvingar, bidrag og gåver	1 390 338	2 086 896	-696 558

Note 16 – Opptente, ikkje fakturerte inntekter / Forskotsbetalte, ikkje opptente inntekter

	31.12.2012	31.12.2011
Opptente, ikkje fakturerte inntekter		
Tilskot og overføringar frå departement	0	29 787
Tilskot og overføringar frå private oppdragsgivarar	222 872	23 697
Tilskot og overføringar frå utanlandske oppdragsgivarar	107 536	22 853
<i>Sum fordringar</i>	330 408	76 337
Forskotsbetalte, ikkje opptente inntekter		
Tilskot og overføringar frå departementet	367 073	95 779
Tilskot og overføringar frå private oppdragsgivarar	1 712 204	1 058 805
<i>Sum gjeld</i>	2 079 277	1 154 584

Note 17 – Bankinnskot, kontantar og liknande

	31.12.2012	31.12.2011
Innskot statens konsernkonto (nettobudsjetterte verksemder)	40 222 751	40 845 683
Handkasser og andre kontante pengar	6 536	14 096
Sum bankinnskot og kontantar	40 229 287	40 859 779

Note 18 – Anna kortsiktig gjeld

	31.12.2012	31.12.2011
Skuldig lønn	153 350	393 575
Skuldige reiseutgifter	67 998	82 975
Oppsamla kostnader	2 158 828	436 938
Anna kortsiktig gjeld	66 395	160 079
Sum anna kortsiktig gjeld	2 446 572	1 073 568

Årsrapport om likestilling 2012

Med heimel i likestillingslova § 1a, diskrimineringslova § 3a og diskriminerings- og tilgjengeleglova § 3 har statlege verksemdar ei aktivitets- og forklaringsplikt. Det skal gjerast greie for faktisk tilstand for kjønnsvariabelen, og det skal gjerast greie for iverksette og planlagde likestillingstiltak også når det gjeld variablane etnisitet, religion og nedsett funksjonsevne.

Tilstandsrapporten skal omfatte

- a) kjønnsfordelinga i verksemda totalt og på stillingsnivå
- b) kjønnsdelt statistikk over lønnstilhøva på stillingsnivå
- c) kjønnsdelt statistikk over arbeidstid (deltid/heiltid)
- d) kjønnsdelt statistikk over permisjonsuttak og sjukefråvær (medrekna fråvær som følge av omsorg for sjuke barn)
- e) kjønnsdelt statistikk ved personalpolitiske satsingar, for eksempel seniorpolitiske tiltak og kompetansetiltak

I tillegg har NUPI eit mål om at kvinner står for minst 30 prosent av dei samla forskarårsverka.

1 Framstilling av tilstanden for likestilling mellom kjønna

Tabell 1: Prosentdel kvinner av dei samla forskarårsverka

	2009	2010	2011	2012
Prosent kvinner av utførte årsverk	28 %	22 %	30 %	33 %

Også i 2012 har prosentdelen kvinner av dei samla forskarårsverka auka. Det botnar i ein målretta innsats med sikte på å rekruttere og halde på kvinner i staben, og dette arbeidet vil bli ført vidare.

Tabell 2: Kjønnsfordeling i verksemda totalt og etter stillingstype per 31.12.12

	Personar i alt	Prosent kvinner	Prosent menn
Totalt	61	41	59
Leiarar, eksklusive gruppeleiarar	4	25	75
Professorar	4	0	100
Seniorforskarar, inklusive seniorrådgivarar	15	20	80
Forskarar, inklusive stipendiatar	10	50	50
Vitskaplege assistentar	13	62	38
Administrasjon/kommunikasjon	15	53	47

Personar som er tilsette i bistillingar, er ikkje med i tabellen. Leiinga er i denne oppstillinga definert som arbeidsutvalet (AU) i leiargruppa og omfattar direktør, forskingssjef, administrasjonssjef og ein forskingsgruppeleiar. Tre av dei er menn.

Som vi ser, er det ein høg prosentdel kvinner både blant yngre forskarar, vitskaplege assistentar og i administrasjonen. Utfordringa ligg på seniorforsknivå, og ikkje minst på professornivå. Fleire av dei kvinnelege stipendiatane er i slutfasen med doktorgraden sin og vil kvalifisere for seniorforskar om kort tid. NUPI har ei aktiv oppfølging av dei. Ved utgangen av 2012 var det ikkje tilsett kvinnelege professorar ved instituttet. Det er uttrykt eit sterkt ønske om at prosentdelen kvinner i professorkategorien skal aukast, og det blir arbeidd med å sette i verk eit program for professorkvalifisering.

Tabell 3: Kjønsdelt statistikk over lønnstilhøva på stillingsnivå per 31.12.12

	Månadslønn kvinner	Månadslønn menn	Kvinner i prosent av menn
Totalt	38 200	45 300	84 %
Leiarar, eksklusive gruppeleiarar	46 900	64 700	72 %
Professorar	0	52 400	0 %
Seniorforskarar, inklusive seniorrådgivarar	47 000	47 500	99 %
Forskarar, inklusive stipendiatar	39 800	39 900	100 %
Vitskaplege assistentar	33 400	33 200	101 %
Administrasjon/kommunikasjon	37 600	41 800	90 %

Bistillingar (20 %) er ikkje med i statistikken, og det er ikkje korrigert for skilnader i ansiennitet og alder. Lønsskilnaden i leiarkategorien kjem til å bli mindre når den nye kommunikasjonssjefen er på plass. I den vitskaplege staben elles har kvinnene marginalt lågare lønn enn sine mannlege kollegaer. Lønsskilnadene mellom tilsette i administrasjons- og kommunikasjonsavdelinga kjem i nokon monn av alder og ansiennitet, men også av at det er stor variasjon i arbeidsoppgåver, ansvar, kompetanse og utdanning.

Tabell 4: Fråvær fordelt på menn og kvinner

	Totalt	Kvinner	Menn
Legemeldt sjukefråvær, prosent	1,51 %	2,43 %	0,84 %
Fråvær sjuke barn, dagar i alt	33	14	19

Det legemelde sjukefråværet ved NUPI var i 2012 på 1,51 %. Dei fleste deltidstiltingane er såkalla toarstillingar, der den tilsette har hovudstilling på eit universitet eller eit anna forskingsinstitutt. Alle som er tilsette i bistillingar på NUPI, er menn.

2 Framstilling av iverksette og planlagde likestillingstiltak

Dette punktet omfattar både likestilling mellom kjønna, etnisitet og ivaretaking av personar med nedsett funksjonsevne.

Rekruttering

- Mange av medarbeidarane ved NUPI blir rekrutterte gjennom mellombels tilsetjing knytt til eksternt finansierte forskingsprosjekt. Både når det blir søkt om midlar til prosjekta, og ved tilsetjing i stillingar er det viktig å tenke på kjønn, etnisitet og at personar med nedsett funksjonsevne skal kunne konkurrere. Ansvarleg: Gruppeleiarane i samarbeid med administrasjonssjefen
- Ved nyrekrutteringar skal det gjennomførast aktive søk med sikte på å finne kompetente kvinnelege og minoritetsspråklege søkarar, og å oppmode dei om å søke. Ansvarleg: Gruppeleiarane i samarbeid med HR

Lønns- og arbeidsvilkår

- Kvinner har dei siste åra fått ein større prorata del av potten ved lokale oppgjer for å jamne ut lønnskilnader mellom kjønna. Denne praksisen vil bli ført vidare. Ansvarleg: Administrasjonssjefen
- Kvinner (og menn) som vender tilbake etter foreldrepermisjon, skal ha ei eiga lønnsvurdering for å sikre at slik permisjon ikkje fører til urimeleg lønnstap. Ansvarleg: Administrasjonssjefen
- Ein viktig faktor for lønnsutviklinga er kvalifisering for høgare stillingskategori. Det må arbeidast systematisk med karriereplanar for alle forskarane, særleg dei kvinnelege. På kort sikt er det eit viktig mål å sjå til at minst ein kvinneleg seniorforskar skaffar seg professorkompetanse. Ansvarleg: Gruppeleiarane, AU og HR
- Arbeidet med å legge til rette kontorarbeidsplassen for tilsette med nedsett funksjonsevne vil bli ført vidare. Ansvarleg: HR, administrasjonen og AMU

Utviklingsmuligheiter

- Utarbeide karriereplanar og mentorordningar for kvar av dei tilsette, både i vitenskaplege og administrative stillingar. Ansvarleg: Leiaren for kvar einskild, i samarbeid med HR

Vern mot forskjellsbehandling

- Identifisere og endre strukturar i organisasjonen som hemmar likestillingsmålet. Ansvarleg: Leiargruppa og fagforeiningane

Tiltak når det gjeld religion

- Det er ikkje identifisert diskriminering overfor tilsette når det gjeld religiøs tru. NUPI er eit internasjonalt orientert forskingsinstitutt med eit breitt kontaktnett over heile verda. Vi ser det ikkje det som aktuell problemstilling å utarbeide tiltak i høve til denne variabelen.

Risikovurdering per 31.12.2012

Styret i NUPI har risikostyring som fast sak på agendaen i dei fire faste møta gjennom året. Basert på NUPIs interne prosessar for vurdering og oppfølging av risiko peiker faktorane nedanfor seg ut som dei mest kritiske ved inngangen til 2013:

- 1 Manglande finansiering / sårbar økonomi
- 2 Tap av omdømme
- 3 Tap av kjernekompetanse
- 4 Ulykker som medarbeidarar kjem ut for i tilknytning til jobbrelaterte oppdrag
- 5 Tap av gode samarbeidsrelasjonar

Rekkefølga er ein funksjon av 1) kor sannsynleg det er at hendinga ber til, og 2) kva konsekvensar dette får for NUPI. NUPI har i 2012 også hatt ei gjennomgåing av risiko knytt til interne administrative forhold, og to område peiker seg ut for oppfølging:

- 6 IT-sikring – tap av informasjon
- 7 NUPI-rekneskapen – standardar og rutinar

Basert på dei ovannemnde vurderingane er det også sett i verk tiltak:

1 Finansiering/økonomi

NUPI har dei siste åra arbeidd med å bygge opp ein prosjektorganisasjon som er tilpassa det nye inntektsregimet for instituttsektoren. Både leinga og forskarane jobbar kontinuerleg med større og mindre søknadsprosessar, og det er sett opp ei eiga forskingsadministrativ eining som skal stø opp om og vidareutvikle evna til å gjere dette på ein profesjonell og effektiv måte. Den største utfordringa ligg i den svake internasjonale innteninga. Slike inntekter blir stadig meir vektlagde i vurderinga av kva for institutt som gjer det bra. Ei anna utfordring er knytt til behovet for å diversifisere inntektene.

Status og tiltak: I 2012 har finansieringssituasjonen vore god. Vi har prioritert arbeidet med internasjonale søknader sterkare, samstundes som konkurransen blir hardare. Den nye forskningssjefen har fått eit særleg ansvar for å auke kvaliteten på prosjektakkvisisjonen, i tillegg til å gå gjennom kvaliteten i heile kjeda frå idé via søknad og til endeleg leveranse.

2 Tap av omdømme

Det blir arbeidd kontinuerleg med systema for kvalitetssikring av all aktivitet i NUPI, både når det gjeld forskning, informasjon og dagleg drift. NUPI legg vinn på å stå fram som ein open, påliteleg og imøtekomande organisasjon. Det blir gjennomført intern medietrening av medarbeidarar som er eller vil bli eksponert for dette.

Status og tiltak: To av medarbeidarane i kommunikasjonsavdelinga har sagt opp eller slutta i 2012, og to nye er på veg inn. Arbeidet med ei ny publiseringsløyving på nettet

er sett i gang, og det blir òg arbeidd med å vekte opp formidlinga av eiga forskning. I 2013 vil det bli sett i gang eit arbeid med dei etiske retningslinjene for instituttet.

3 Tap av kjernekompetanse

Jamvel om NUPI har eit godt renommé og mange søkarar til ledige stillingar, merkar vi ein stadig sterkare konkurranse om dei beste hovuda. Fordi det går med mykje tid og knyter seg store kostnader og uvisse til rekrutteringa, er utskiftingar ein sentral risikofaktor. Ein god og aktiv personalpolitikk og ein gjennomtenkt HR-strategi vil vere sentrale verkemiddel for å halde på og trekke til seg gode forskarar. Lønnsnivå, insentiv, fagleg utvikling og miljø er viktige stikkord på dette området.

Status og tiltak: I 2012 har vi endra rutinar og praksis for rekrutteringa. Utlyste stillingar har hatt mange gode søkarar, men samstundes har vi hatt litt for stor gjennomtrekk. Vi reknar med at dette blir redusert i 2013. I 2012 har vi òg forhandla fram ein ny lokal lønnspolitikk som vil auke konkurranseevna. Vi har i 2012 også arbeidd med å auke trivselen for tilsette gjennom ei oppgradering av lokala, eit felles internseminar og ein sterkare HR-funksjon. Vi har òg arbeidd med å lage tydelegare og meir pålitelege planar for interns, vit.ass'ar og stipendiatar. Retningslinjene fører til betre planlegging og betre vilkår for dei yngre forskarane våre.

4 Ulykker som medarbeidarar kjem ut for i tilknytning til jobbrelaterte oppdrag

Etter det som skjedde sommaren 2011, har NUPI oppdatert planane og rutineane for handtering av krisesituasjonar.

Status og tiltak: I 2012 har vi etablert prosedyrar for risikovurdering og godkjenning av reiser til utsette område. I tillegg har vi etablert eit system for varsling og kommunikasjon til alle tilsette gjennom sms. Forståinga for risiko har auka og blir jamleg diskutert både på styremøte, i leiargruppa og på allmøte. Bistand på dette området er også ein del av kontrakten med bedriftshelsetenesta.

5 Tap av gode samarbeidsrelasjonar

Det blir arbeidd kontinuerleg med å halde oppe kontakten og dei gode relasjonane til alle eksisterande samarbeidspartnarar, både innanlands og i utlandet. I tillegg arbeider vi med å etablere nye relasjonar, mellom anna gjennom ulike samarbeidsprosjekt og program og ved å medverke i ulike faglege forum.

Status og tiltak: I 2012 har vi hatt dialogar med dei viktigaste oppdragsgivarane våre for å klargjere NUPIs profil, og vi har bede om innspel og forslag til tiltak som kan betre relasjonane. Dette arbeidet er ein vedvarande prosess og knyter seg til kvaliteten på våre aktivitetar og leveransar i heile kjeda.

6 IT-sikring – tap av informasjon

For å møte stadig meir komplekse og utfordrande krav når det gjeld tilkomst, tilgang, samhandling, lagring og utveksling av data vart det vedteke å endre IT-infrastrukturen ved NUPI i 2011. Endringa vart gjennomført utan særskilde problem, og rutineane skal følgast opp og utviklast vidare i samarbeid med ein ekstern samarbeidspartnar.

Status og tiltak: I 2012 har vi ført vidare arbeidet med å forenkla infrastrukturen og drifta av han. Fleire system er virtualiserte og konsoliderte, og det er lagt ned innsats

i å utbetre dokumentasjon og driftstryggleik. Ei ny antivirusløyising er innført for å betre tryggleiken, og vilkåra for ekstern tilgang er forbetra. Arbeidet held fram i 2013 med mål om full dokumentasjon av system og rutinar, betre oversyn og enklare drift for både interne medarbeidarar og eksterne samarbeidspartnarar.

7 NUPI-rekneskapen – standardar og rutinar

Kjerneaktiviteten ved NUPI er gjennomføring av prosjekt, dei fleste med ekstern finansiering og eit tilhøyrande krav om rapportering. For å kunne gjennomføre prosjekta på ein effektiv og målretta måte, og for å lette rapporteringa i ettertid, er det viktig å ha gode system for styring og rapportering.

Status og tiltak: Ettersom NUPI gjer bruk av dei statlege systema for lønn, reiserekningar, rekneskap og fakturahandtering, som blir drivne av Direktoratet for økonomistyring (DFØ), har vi valt å jobbe saman med andre statlege forskingsinstitutt for å finne ei løysing gjennom DFØ. Det er etablert ei arbeidsgruppe som arbeider saman med DFØ for å utvikle ei tilfredsstillande løysing.

Risikomatrise

	Svært låg	Låg	Middels	Stor	Svært stor
Manglande finansiering					
Tap av omdømme					
Tap av kjernekompetanse					
Ulykker som råkar medarbeidarar					
Tap av gode samarbeidsrelasjonar					
IT-sikring – tap av informasjon					
NUPI-rekneskapen – standardar og rutinar					

